



**TV2 viser dokumentar
om varsleren Brogeland**

norsk bridge

Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund
nr. 1 – mar. 2016 – 22. årgang

NM damelag til nye høyder



Side 28

Tredje strake seriegull til Hauge



Side 6



GoSportive NORDIC CHOICE HOTELS

OPPTIL 20 % RABATT PÅ EN OPPLADNINGSNATT

Alle idrettsutøvere vet at en god natts søvn er forskjellen mellom vann eller forsvinn. Med våre fem forskjellige hotellkjeder på over 100 destinasjoner er vi helt sikre på at vi har en hotellseng som passer akkurat til deg. Sov godt og våkne opp dagen etter som en vinner.

20 % RABATT på Quality Hotel™, Quality Resort™ og Clarion Hotel® for individuelle idrettsgjester.

15 % RABATT på Comfort Hotel® og Clarion Collection® for individuelle idrettsgjester.

Book på choice.no/idrett



CHOICE.NO/IDRETT – Hotell på over 100 destinasjoner i Norden



NORDIC CHOICE HOTELS™

Leiar	4
Siden sist	5
Hauge til topps igjen.....	6
Tabell 1. divisjon	14
Tabeller 2. divisjon.....	15
Glimt fra 3. divisjon, avdeling Sunndalsøra	16
Tabeller 3. divisjon.....	22
Tabeller 4. divisjon.....	24
NM damelag	28
NM veteran	34
NM bedrift	36
Norsk Bridgefestival 2016.....	38
Bridge som sport	40
Bridge for alle	41
EBL-seminar i Roma	42
Pressemelding: Dokumentarfilm om Boye Brogeland.....	46
Bridge for alle på Tenerife	48
Tønsberg damebridge 60 år	59
Leserinlegg	62
EM for nasjonslag.....	64
Årets bridgeildsjel.....	67
Bridge for de relativt ferske	70
Villy Dam.....	72
Kort fortald	76

NORSK BRIDGEFORBUND

Sognsveien 75 A
0855 Oslo
Telefon: 47 47 94 00
(mandag–fredag 12.00–16.00)
E-post: bridge@bridge.no
www.bridge.no
Bankkonto: 5002.05.01585
Postgiro: 0814.51.95102

REDAKTØR ERLEND SKJETNE

Mobil: 974 75 164
e-post: erlend@gammagrafisk.no
Bjørkeveien 11, 9700 Lakselv

LAYOUT

AIT Oslo AS/Mem grafisk

ANNONSER

Ansvarlig: Erlend Skjetne
erlend@gammagrafisk.no
Annonsemateriell leveres skriftlig,
med e-post, eller brev.

Pris etter avtale.

Neste utgivelse

juni 2016

Innleveringsfrist

31. mai 2016

Hovedfoto forside:

Anne Birgitte Fossum

Leiar

Eg er så heldig å vera sambuar med ein arkivar. Ho er interessert i gamle papir, og sannsynlegvis er dette årsaka til at ho òg har ei viss interesse for meg. Eg er jo òg litt gul i fargen, litt frynsete i kantane, og fløymer over av utdatert informasjon og arkaiske formuleringar. Det er for så vidt ei kjent sak dette, at arkivarar og arkeologar er dei beste partnerane som finst: Ulikt alle andre, blir dei meir interesserte i deg di eldre du blir.



I for sumar inviterte arkivaren meg til å vitje arbeidsplassen hennar, Interkommunalt arkiv Finnmark, for å ta ein titt på ei mappe ho hadde oppdaga i det velspekka depotet. Det var arkivet etter Gamvik bridgeklubb. Eg måtte berre oppgje namnet mitt og ein god grunn for at eg ynskte innsyn i denne mappa – «journalistisk research på vegner av Norsk Bridge» – og så kunne eg opna henne. Ho var tidsfest til 1951–53, og inneheldt mellom anna dokumentasjon av NBF sin effektive «propaganda» for bridgen. Forbundet hadde eit eige «propagandafond», og sende ut medarbeidarar til alle krikar og krokar av kongeriket for å få i stand bridgekurs, med den fylgja at bridgeklubbar dukka opp på dei utrulegaste stader.

I dag bur det neppe meir enn 200 sjeler i fiskeværet Gamvik heilt nord på Finnmarkskysten, og bridgeklubben der er borte. Tilsvarande triste utvikling har ein sett på tallause småe stader, det kjem vi ikkje utanom. Men endå tristare er det med dei klubbane som forsvinn utan å etterlata seg dokumentasjon på sin eigen eksistens. Altfor mange gamle bridgedokument har allereie forsvunne for godt, eller ligg og støvar ned på loft og i kjellarar.

Ein kan naturlegvis tvile på at dei gamle dokumenta – det vera seg resultatlistar, møtereferat, bilete, kva som helst – overhovudet vil vera av interesse for nokon i framtida. Men dét er ikkje opp til oss i dag å avgjera. Om hundre år kan bridgen plutsleg få ein renessanse i Noreg, eller fiskeværet Gamvik kan få ein renessanse, og interessa kan plutsleg bli stor for å lesa

om bridgen i gamle dagar, eller om Gamvik i gamle dagar. Kanskje kjem berre ein einaste liten fjøsniise, ikkje ulik ein for lengst nedgraven Erlend Skjetne, ramlande inn i arkivet ein regntung dag om tusen år, på jakt etter info til ei doktorgradsavhandling om forhistoriske kortspel. Kor glad vil han ikkje bli for å finne mappa frå Gamvik bridgeklubb! Er ein i tvil om kor vidt eit dokument har noko i eit arkiv å gjera, er det berre å forhøyre seg med arkivarane. Innehavaren av papira har eit moralsk ansvar for å sikre at det som bør bergast, blir berga. Men best er det naturlegvis om dei tillitsvalde i klubben eller krinsen – gjerne i god tid før aktiviteten døyr heilt ut – innarbeider rutinar for arkivavlevering, og tek dette ansvaret på alvor.

Så bør det seiast at eit tilsvarande – eller endå større – ansvar ligg hjå NBF sentralt. Det har eg skrive om tidlegare, og bridgeskribentar som Snorre Aalberg og Nils Kåre Kvangraven har teke til orde for det same. Éin ting er å innlevere materiale til arkiva. Men NBF bør òg syrgje for at det som opp gjennom åra har vore skrive om bridgen i Noreg, finst tilgjengeleg for medlemene i NBF. Slik som situasjonen er no, er det vanskeleg nok å få tak i resultatlistar frå viktige tevlingar for berre eit tiår sidan, enn seia bulletinar og anna som omhandlar desse tevlingane. Vanlege nettsider blir fort uoversynlege, og delar av innhaldet som finst på dei, kan av tekniske årsaker bli utilgjengeleg for publikum. Samstundes som ein naturlegvis må ta vare på papirkopiar av det som ein gong har vorte trykt, treng vi ein skikkeleg database der alt er skanna inn, systematisert og sikra mot tekniske uhell. Sida www.bridgemagasiner.no var eit tiltak nettopp av denne typen, og det er framleis ei interessant side der ein kan finne mykje godt stoff frå gamle dagar. Men det er mange hol der, og ein del materiale som er henta frå andre delar av verdsveven, har allereie vorte ubrukeleg.

Denne oppmodinga til NBF skriv eg dels som redaktør for Norsk Bridge, dels som leiar for organisasjonen Norsk Bridgepresse. Men eg skriv det òg som ein privatperson som liker å grava i fortida, og som garantert kjem til å ville gjera det igjen i framtida.

Erlend Skjetne,
redaktør

Siden sist

Det nærmer seg påske, og vi er i slutfasen av det som kanskje er den mest hektiske tiden på året for oss bridgespillere. Tiden etter jul inneholder andre helg av Seriemesterskapet, de siste rundene av NM for klubblag, ulike kretsmeesterskap avgjøres, klubbene avholder sine klubbmeesterskap, og været utendørs gjør ofte at det beste tidsfordrivet man kan ha er å spille bridge.



Den mest gledelig nyheten *siden sist* er at NBF har lansert et begynnerkurs på BBO, og når dette skrives er akkurat først økt gjennomført. Totalt har vi bikket 100 deltakere med god margin, og det er ingen tvil om at mange ønsker en videre fordypning i tillegg til det ordinære bridgekurset. Vi tar fortsatt imot flere påmeldinger, så ønsker du enten å lære mer eller kjenner noen som kunne tenke seg å lære bridge – meld dem på kurs på BBO i dag!

Gledelig for mange er at du kanskje også leser dette bladet i papirformat igjen. Vi fikk mange tilbakemeldinger på at bladet i papir var savnet, og styret besluttet derfor at man skulle forsøke å innføre en abonnementsordning. Dessverre har vi ikke fått nok abonnenter til at vi kan fortsette ordningen – ennå, men dette bladet er sendt ut til alle som har meldt seg pluss et eksemplar til alle klubber. Så om du ønsker bladet i papirformat – meld deg som abonnement, og vær med på å sikre at ordningen kan fortsette!

Når sommeren etter hvert kommer, er det igjen tid for et av årets bridgehøydepunkt, Bridgefestivalen. Vi kjører mye av den samme oppskriften som tidligere, men krydrer det i år med noen nyvinninger. Marit Sveaas International Bridge Tournament blir en stor happening, og med kr. 300.000,- i førstepremie, håper vi på stor deltakelse. Premiestrukturen er også lagt opp slik at alle skal kunne kjempe om en premie, selv ferskere bridgespillere.

Vi ønsker også å takke bidragsyterne som har gjort dette mulig, Christen Sveaas, Nordic Choice, Jostein

Sørvoll og Jan Petter Sissener. Uten deres bidrag ville ikke dette vært mulig. Samtidig vil jeg også avsløre en meget god og spennende nyhet: 2017-utgaven av Marit Sveaas International Bridge Tournament skal spilles i Operaen i Oslo!

Ved siden av denne turneringen vil det også bli spilt en Speedball-turnering i Fredrikstad, en turneringsform hvor du har meget begrenset med tid per spill. Det fører til mange artige situasjoner, og gir god trening i å ta raske beslutninger. Videre prøver vi oss med en Mini-Knockout – en hel cupturnering over bare én sesjon. Så jeg håper virkelig at vi vil se akkurat deg i Fredrikstad til en ny utgave av Norsk Bridgefestival!

Siden sist har det også vært en liten utvikling i jukeskandalen som preget en hel bridgeverden i høst. Det er nå satt høringsdatoer for tre av de fire mistenkte parene i EBL, og en dato for høring for det fjerde paret er ventet innen kort tid. En slik høring er første steget mot å få disse parene offisielt dømt, og forhåpentligvis venter en lengre utestengelse for alle fire. Det tyske paret, Piekarek og Smirnov, er allerede dømt i Tyskland til seks års utestengelse, hvorav de to siste årene delvis er gjort betinget. I dommen går det klart frem at de i utgangspunktet kvalifiserte for 10 års utestengelse, men at det er gitt strafferabatt på grunn av tilståelse. Det blir spennende å se hvordan en eventuell mildere eller hardere straff i EBL vil påvirke dommen i Tyskland.

«En god takk kan ikke gjentas for ofte,» skriver Snorre Aalberg i et blogginnlegg på www.bridge.no, og refererer her til Åse Langelands skryt for arrangementet rundt NM for dame- og veteranlag samt Bedriftsmesterskapet i Oslo. Herfra vil jeg også rette en takk til alle deltakerne som er med på å gjøre dette til et så godt arrangement. Selv om det er viktige turneringer, er det den gode stemningen, latteren og vennligheten som preger arrangementet! Vi gjentar dette på samme sted neste år, og har plass til enda flere deltakere!

Lykke til med resten av sesongen, og jeg håper alle vil delta på ulike sommerbridgearrangementer og på Norsk Bridgefestival 2016!

*Allan Livgård,
generalsekretær*



Nok eit seriegull til lag Hauge. Frå venstre Rune Hauge, Erik Sælensminde, Boye Brogeland, Christer Kristoffersen og Jørgen Molberg. Espen Lindqvist var ikkje til stades då biletet vart teke

Hauge til topps igjen


Av **Erlend Skjetne**

Etter fyrste spelehelg i 1. divisjon låg lag Charlsen frå Hordaland i ei klår leiing, og verka bortimot uovervinnelege. Så kom nyhendet om at Charlsen – Hoftaniska ikkje kunne spela andre helg, då dei hadde eit proffoppdrag som fekk prioritet. Dimed skulle eit anna par frå Hordaland inn som erstattarar, Magne Eide – Sven-Olai Høyland. Dei er jo glimrande spelarar, men ville dei greie å fylle Charlsen – Hoftaniskas skor?

Forsøket på å gjera denne artikkelen veldig spennande, havarerte vel diverre allereie idet vi laga framsida på bladet. Det vart ikkje lag Charlsen som vann, men derimot det same laget som dei to føregåande åra, riktig nok med visse utskiftingar. Vi skal likevel ta ein nærare kik på korleis denne spelehelga i Letohallen utvikla seg.

Då det braka laus laurdag morgon, skulle leiarlaget Charlsen ut mot jumboen etter fyrste helg, unge lag Bartnes frå Gudrandsdal. Det måtte vel bli ein komfortabel start for leiarane? Nei, Bartnes, som unekteleg har eit svært talentfull mannskap, hadde på ingen måte gjeve opp etter fyrste helg. Dei vann kampen, riktig nok ikkje så stort, men lell.

Dimed hadde førehandsfavoritten lag Hauge frå Rogaland allereie moglegheiter for å ta litt innpå, mot lag Våge frå Midt-Trøndelag. Med eit litt anna mannskap før om åra enn no i år, har Våge mange gonger klamra seg fast i 1. divisjon også etter ei katastrofal fyrste helg. Denne gongen fekk Hauge berre fatt i ein liten siger, men på fylgjande spel vart resultatet valdsamt ulikt på dei to borda i kampen. Det er ikkje ofte éin speleførar får elleve stikk, ein annan fem stikk i same kontrakt!



På det eine bordet opna lag Hagues Christer Kristoffersen i nord med 1 ruter, og John Våge gjekk inn med 2 spar, før 3 grand frå Jørgen Molberg avslutta meldingsforlaupet. John Helge Herland spela ut spar til kongen og esset, og



Jørgen Molberg


Molberg fann eit fint trekk då han spela ruter til esset. Det er ei form for safespel: Stuper ikkje kongen, har han råd til å stikke over ein kløverhonnør etterpå og spela ny ruter mot bordet – tri ruterstikk og tri kløverstikk er jo nok til heimgang, når ein har tri sikkerstikk i majorfargane. Då kongen aktuelt stupte, kunne Molberg enkelt setja opp ruterer, og forsyne seg med to overstikk i kontrakten.

På det andre bordet vart det litt annleis, då Bård Kåre Græsli i nord sa pass i opning, og Boye Brogeland i aust opna i multi 2 ruter. Kåre Bogø melde inn 2 grand, som Græsli letta til utgang. Sjølv om han forventa spar hjå makker, spela Espen Lindqvist hjarter konge ut. Bogø dukka både denne og dama, før han måtte stikke den tridje. No var skilnaden frå det andre bordet, at Bogø ikkje kunne vita sikkert om spar konge sat i kapp. Viss ikkje treng han truleg fire ruterstikk, og har då ikkje råd til å spela ruter til esset og få ein liten i aust, for korleis skal han trygt koma seg attende til handa? Han drog difor ein ruter til dama, og no er kontrakten faktisk beit. Forsvaret har jo fått tri stikk, og ruterer kan ikkje godspelast utan at vest kjem inn, og han har jo eit hjarterstikk i tillegg. Brogeland skifte spar knekt, og no var det eigentleg logisk for Bogø å stikke med esset: Han treng jo uansett ruterer 2–2 for å vinne kontrakten, så sparfinessen blir poenglaus. Då ruterer ikkje sat, var det diverre heilt god natt, motparten hadde resten. Her vart det altså fire beiter.

I andre kamp rykka Hauge endå nærare gullet, då dei vann klårt mot Midt-Trøndelag Hornslien, medan Charlsen berre fekk ein liten siger mot Østfold og Follo Thoresen. Lag Våge tok att for det vesle nederlaget mot Hauge, ved å vinne greitt mot sterke Kindsbekken frå Møre og Romsdal, som ikkje hadde innfridd forventningane så langt i Seriemeisterskapen.

Dei som fylgde med på BBO, fekk sjå ein annan av førehandsfavorittane, Midt-Trøndelag Grøtheim, i tvikamp med Vest-Agder Aalberg. Den kampen

synte tydeleg at ingenting kan takast for gjeve i bridgen – spesielt ikkje i 1. divisjon, der det knappast finst noko slikt som ein lett motstandar. Dei tidlegare landslagsspelarane på lag Grøtheim fekk det tungt mot ein velspelande miks av sørlendingar og nordlendingar. Fylgjande spel var til dømes interessant:



Ved b e bord opna vest med 1 spar, f r det gjekk dobling i nord. Per Erik Austberg sperra med 3 spar, medan Snorre Aalberg p  same plass st tta til 2 spar, men i b e tilfelle gjekk det pass rundt d  s r no melde 4 h arter. Spelet byrja  g likt, med spar ess ut, skift til ruter til s r, og ein psykologisk finnte med liten kl ver mot bordet. Denne fall b e vestspelarane for, d  dei gjekk opp med esset. Inne

p  esset spela Jan Tore Berg ny kl ver til Svein-Gunnar Karlbergs dame. Han heldt fram med h arter til esset og h arter ti. Legg aust liten, f r tiaren g , for det gjer ingenting om vest vinn med dama: Ingen stelingar ligg i lufta, og bordet st r. Aktuellte dekte Per Erik Austberg h arter ti, utan at det hadde noko   seia, for Karlberg kunne uansett sage opp heile trumfen ved bruk av dei mange st stikka i bordet. Det vart alts  elleve stikk.

Terje Aa fekk eit litt meir utfordrande motspel, d  H kon Bogen heldt fram med ruter inne p  kl ver ess. No kunne ikkje Aa fullt s  trygt ta h arterfinesse korkje den eine eller den andre vegen, sidan ei ruterstelinga kunne vera i kj mda. Men han hadde trygt spel mot alle 3–2-sitsar i trumf, og spela difor ganske enkelt h arter til esset og h arter til kongen. Det var ei ekkel overrasking at trumfen sat 4–1. Men kontrakten st r framleis om ein ganske enkelt tek kl ver dame, spelar ruter til esset og byrjar med h ge kl ver derifr . Det kan sj lvsagt hende at aust hadde dobbel ruter fr  start, men d  er ein beit uansett. Aa gjorde ein sj ldan feil d  han spela spar til steling med h arter ti, f r han drog h ge kl ver: Snorre Aalberg i aust kasta berre ruter sin, og i neste omgang ein spar, og i ellefte stikk m tte Aa ufrivillig stela p  handa, for   avslutte med liten trumf opp i Aalbergs knekt,  tte. Ei beit, og ein s t sving til Aalberg.




Svein-Gunnar
Karlberg



Terje Aa

Den tredje kampen gjekk berre verre for lag Grøtheim. Dei tapte inkje mindre enn 19,85 – 0,15 mot lag Bartnes! Eit lag fullt av debutantar i 1. divisjon, venta å rykkje ned etter ei elendig fyrstehelg, knuste altså eit lag med mange gullmedaljar frå same divisjon. Då Kindsbekken tapte mot Hornslien, var endå eit sterkt lag nesten utelukka frå dei aller øvste plassane.

Samstundes var det duka for det spennande oppgjeret mellom leiarlaget Charlsen og laget som no pusta dei i nakken, Hauge. Kampen byrja bra for Charlsen, men mot slutten av fyrste halvrunde jamna det seg ut. I andre halvrunde var det mange buttspel, men diverre for Charlsen var to av tapsspela formidable – høvesvis 15 og 16 IMP til Hauge! Her er eitt av dei, og ein stor del av årsaka til at Hauge vann kampen 14,76 – 5,24:



Ved det eine bordet gjekk meldingsforlaupet radig: Christer Kristoffersen opna 1 grand, og Jørgen




Christer Kristoffersen

Molberg hoppa til 3 grand. I gunstig sone hadde eg nok meldt 4 hjarter i aust, for makker kjem ikkje til å finne hjarter ut, og det verkar høgst tvilsamt om 3 grand kan vera beit. Men Magne Eide sa pass på 3 grand, og då Sven-Olai Høyland spela ess og konge i spar ut, var det ti lette stikk. Det står faktisk ti stikk sjølv med hjarter ut, speleførar må berre dukke ein gong.

På det andre bordet meldte Fredrik Simonsen Stayman over Erik Bergs 1 grand. Det gav Boye Brogeland høve til å slengje inn sperremeldinga 3 hjarter i aust. No sa Berg pass, det same gjorde Lindqvist, før Simonsen dobla. Doblinga må berre innebera at han har ein del poeng, og ingen større appetitt på å melde 3 grand sjølv. Erik Berg passa likevel ut! Det blir litt for sterk kost for meg. Ja vel, 3 hjarter kan vera beit, men det kan like gjerne stå plakat. Det ser ikkje naudsynlegvis ut som ein har utgang eigen veg, men det får så vera, av og til kan ein jo vera nøgd med å ende på same resultat som det andre bordet ... Det skal seiast at dette spelet vart vanskeleg å vinne for lag Charlsen akkurat denne gongen, for det er ikkje unaturleg for Berg å ta ut i 3 spar, og i 4 spar blir det beit på grunn av ei kløversteling imot. Men 100 ut ville ein iallfall hatt godt samvit for. I 3 hjarter dobla var det null beit, 530 til Brogeland.

I tiande og nest siste kamp susa Hauge vidare med ein grei siger mot lag Hansen frå Vest-Agder. Charlsen, som hadde leia gjennom heile tevlinga så langt, måtte no innsjå at gullet var i ferd med å gleppe. Dei gjekk nemleg på ein skikkeleg storsmell mot Kindsbekken. Etter fyrste halvrunde stod det 59 – 2 i Møre og Romsdals favør! Det var verkeleg tolv spel der alt vart feil for lag Charlsen. Eit symptomatisk spel var det fylgjande.



Ved b e bord gjekk det 1 hjarter i s r, doblar i vest og redoblar i nord. Nils K re Kvangraven valde no   melde 1 spar p  den staute tiaren tridje. Det gjekk to passar f r Magne Eide i nord melde 1 grand, og no hoppa Sven-Olai H yland til 3 hjarter for   syne litt ekstra. Eide lyfte til utgang, og det gjekk pass rundt. No var det ikkje vanskeleg for Terje Lie   finne spar ut, og kontrakten var d md til beit. Dama tok fyrste stikk, og ein hjarter gjekk til esset, f r ruter fylgde mot bordet. Lie la liten, men det var umogleg for H yland   g  ned p  tiaren. D  kongen tapte til esset kom det kl ver i skift til esset, og s  hjarter dame. Inne p  kongen spela Lie h g spar, og bordet var daudt, det m tte bli end  to svarte taparar.

P  det andre bordet vart det litt annleis, d  Simonsen passa over redoblinga, for   seia at han ikkje hadde nokon sterk preferanse. No gjekk det to passar til Berg, som sj lv melde 1 spar, f r Asbj rn Kindsbekken sa 1 grand. Etter pass i aust melde Roar Voll 3 hjarter, letta til utgang. Berg hadde ingen indikasjonar p  at det skulle spar ut, s  han valde ein ruter. Ruter dame ville vore katastrofalt, for det skapar ein situasjon der Voll kan entre bordet p  sparkappen og dra ruter ti med avkast av ein spartapar, og deretter bli kvitt ein kl ver p  ruter  tte. Men Berg valde ei norsk ruter fire i utspel. Det var s  f  honn rpoeng ute at det slett ikkje var usakleg av Voll   tru at Berg kunne ha underspela esset. Han bad om kongen,

og no fekk Simonsen sjansen sin: Han m  skifte spar. D  f r forsvaret drepe bordet i tide, og det m  bli beit. Men aktuelt spela Simonsen diverre ein kl ver, som eg ikkje forst r hastverket med. Han kunne vel sj  av utspelet at makker m tte ha fire ruter, og han veit at han m  ha fire spar. Kl verskift vil sannsynlegvis byrja odlinga av eit kl verstikk i bordet, medan eiga side truleg treng eit sparstikk for   f  beita. Kl veren kunne Voll stikke, for   spela hjarter ess og hjarter dame. Berg skifte spar knekt, men det var for seint. Dama tok stikket, s  ein kl ver til esset, hjarter dame for   ta ut trumfen, og endeleg kl ver konge og liten kl ver, som sette opp knekten i bordet for eit sparavkast.




Roar Voll

Charlsen tok igjen litt i andre halvrunde av nest siste kampen, og tapte til slutt 16,51 – 3,49. Dei var likevel hamna eit godt stykke bak Hauge no, som m tte tabbe seg skikkeleg ut i siste kamp om dei ikkje skulle vinne tevlinga. P  bronseplassen l g Thoresen, som riktig nok  g tapte for Bartnes i nest siste kamp. Ein annan medaljekandidat var lag Aalberg, og kanskje Kindsbekken om dei fekk ein skikkeleg gladkamp til slutt. I botnen var dei tri nedrykkskandidatane relativt kl re, men fleire lag var teoretisk i faresona med ein veldig d rleg siste kamp.

P  BBO skulle Thoresen m te Gr theim. Diverre for publikum skulle dette bli ein ganske flat og

keisam kamp, og gullmedalje stod det ikkje om for nokon av desse laga. Men vi kan jo likevel sjå på eit par spel, sidan det no trass alt var den aller siste kampen.



På bae bord gjekk det 1 spar i aust, og to passar til nord, som dubla. Aust passa naturlegvis, og så var det sørs tur. Kva ville du gjort med denne heslige handa? Sekskortsfarge i det som ser ut til å bli trumf, er jo alltid noko. Men det er ikkje just nokon storleik på sparane dine, og det ser ut som det kan bli tungt nok å få tak i sju stikk mot 1 spar, om makker berre har ei normal opplysende dobling, som til og med kan vera nokså veik i siste hand. Siv Thoresen plukka fram naudmeldinga 2 kløver. Makker Jo-Arne Ovesen prøvde seg med 2 spar for å høyre om Thoresen likevel hadde noko å tilby. Ho ville liggje lågt, men å passe 2 spar tykte ho vel var i lägste laget, så ho gjenmelde i staden den glimrande kløverfargen sin på tristeget. Eg

hadde nok late meg freista til å melde 3 grand på Ovesens kort, for mot berre tiaren femte i kløver hjå makker, har jo 3 grand ein grei sjanse. Men Ovesen landa på ein servil pass, så 3 kløver vart kontrakten, og beit måtte det bli.

På det andre bordet vurderte Jan Tore Berg annleis med Thoresens kort, og kanskje betre. Han hadde nok i minne det faktum at prisen for å doble heim kontraktar på lägste meldesteg, er relativt låg. Heimgang med sju stikk i 1 spar dubla i sona kostar berre 160, med åtte stikk 360, og så bortetter. Uttaket i 2 kløver er jo òg ei usikker sak, for det er ikkje godt å seia kva horribel melding makker kan koma opp med når det igjen blir hans tur: Det typiske, iallfall frå mine makkerar, vil vera eit hopp til 6 eller endå til 7 kløver. Den store oppsida med å passe, som Berg gjorde, er at det faktisk godt kan syne seg å vera beit i 1 spar, eller at vest kan få panikk og ta ut i visse tilfelle der 1 spar kanskje eigentleg står. Aktuelt gjorde Peter Bendik Marstrander aldeles rett i å ta ut 1 spar dubla i 2 hjarter, for 1 spar ville gått til skogen. 2 hjarter vart naturlegvis òg dubla, på rein råstyrke av Per Erik Austberg i nord. Alle stod med, og kontrakten måtte gå to beit, for pene 11 IMP til Midt-Trøndelag.


Men allereie i neste spel skulle lag Thoresen få desse poenga attende. Igjen låg alt i meldingane.



Jo-Arne Ovesen



Jan Tore Berg



Det verkar normalt å opna 1 hjarter på den spelesterke handa i sør, og det vart gjort på baa bord. Men så vurderte dei to vestspelarane hendene sine forskjellig, og det fekk store konsekvensar for meldingsforlaupet vidare. Terje Aa melde inn 2 hjarter. Eg veit det ikkje sikkert, men vil tru det syner spar og kløver, ikkje spar og ein udefinert minor, som einskilde brukar. Jo-Arne Ovesen melde 2 spar for å syne ein god lyft i hjarter. Viss ein enkel 3 hjarter syner ein normal lyft, var jo 2 spar hardt nok. Men Thoresen ville truleg uansett meldt 5 hjarter over Allan Livgård's obligatoriske 4 spar. Med baa kongane i kapp, står 5 hjarter: Med to gonger kløver ut, spelar ein spar til esset og dreg hjarter dame. Aust dekkjer ikkje, og no kan jo speleforar i ein veik augneblink gå over på ruterkuten, men det vil vera ein grov teknisk svikt. Etter ny hjarter til knekten og hjarter ess, er det ikkje anna å gjera enn å ta ruter ess, som lykkelegvis feller kongen. Men alt dette er uansett berre ein digresjon, for i praksis melde Livgård naturleg nok 5 spar over 5 hjarter, som Ovesen i sin tur dobla. Med tri ess vekk, måtte det bli ei beit.

På det andre bordet valde Peter Bendik Marstrander å underslå den lusne sparfargen i vest, for heller å melde inn 2 kløver. Per Erik Austberg melde stille og fredeleg 2 hjarter, som Rune Brendeford Anderssen dobla, for å syne

spar og noko attåt. No synst eg Jan Tore Berg presterte ei dårleg melding, då han ganske enkelt sa 4 hjarter. Det kunne ikkje vera noko stor overrasking for han at Marstrander hadde til 4 spar. Så gjekk det naturleg nok to passar, og Berg hadde inga aning om kva han skulle gjera: Sett frå ståstaden hans, med to ess på handa, kunne 4 spar godt vera beit, medan 5 hjarter kunne bli dyrt med berre tri trumf hjå makker. Berg landa på ein pass, og 4 spar stod som eit spett. Etter mi meining skal Berg melde ein stille og fredeleg 3 ruter i staden for å hoppe til 4 hjarter. Marstrander seier 4 spar, men no har Austberg fått nyttig informasjon: Med femkorts ruter ser han dobbeltilpassinga, som i konkurransesituasjonar nesten alltid bør inspirere ein til å presse på eit ekstra hakk, og aktuelt er 5 ruter ei opplagt melding. Kan hende blir det dobla heimgang, i verste fall buttspel på ei beit i 5 spar dobla.



Peter Bendik Marstrander

Då siste kamp var over, hadde Grøtheim vunne han så vidt, akkurat knapt nok til at Thoresen fekk bronsemedalje, medan Charlsen heldt på sylvmedaljen sin. Hauge vann også den siste kampen sin, mot Bartnes, og vart dimed klåre vinnarar av tevlinga. Vi gratulerer Rune Hauge, Erik Sælensminde, Boye Brogeland, Espen Lindqvist, Christer Kristoffersen og Jørgen Molberg! Kondolerer til dei tri nedrykkslaga,

Vest-Agder Hansen, Midt-Trøndelag Våge og Aust-Agder Olsen.

I 2. divisjon vart det ingen avgjerande endringar frå fyrste helg: Dei tri laga som leia litt over halvvegs, vann òg til slutt.

Pulje A vart den mest spennande. Oslo-laget Lillevik var suverene fyrste helg, men andre helg fekk dei konkurranse av Høyland, som etter nedrykket i fjor må seiast å ha vore førehandsfavorittar. Då Lillevik gjekk på ein liten smell mot Grime frå Romerike i nest siste kamp, medan Høyland hanka inn ein stor siger, var Lilleviks leiing krympa inn til litt over 10 VP før siste kamp. Det er jo ein del – men mindre når dei to øvste laga skal møtast innbyrdes! Høyland måtte ha ein solid siger for å hoppe opp på gullplassen. Men då dei berre vann marginalt, heldt Lillevik greitt unna. På vinnarlaget spela Runar Lillevik, Øyvind Ludvigsen, Sverre Johnsen og Åsmund Stokkeland. Attom Høyland fylgde lag Grime.

I pulje B var det eigentleg ingenting å snakke om. Lag Fodstad frå Oslo leia klårt etter fyrste helg, og vann til slutt suverent. På laget spela Anders Fodstad, Are Aarebrot, Bjørnar Halderaker, Atle Sæterdal, Eskil Monrad Hagen og Gjermund Rekstad. På andreplass fylgde Telemark-laget Jørstad, og på tredje Davidsen frå Nord-Trøndelag.

I pulje C fekk vi same historie. Lag Smith frå Buskerud leia suverent etter fyrste helg, og vann i stor stil til slutt. På laget spela Vidar Smith, Sigurd Evjen, Øyvind Saur, John Aabye, Tormod Røren og Erik Eide. På andreplass fylgde Oslo-laget Kaspersen, og på tredje Vinjevoll frå Møre og Romsdal.



Gull til lag Lillevik i 2. divisjon avdeling A. Frå venstre Øyvind Ludvigsen, Sverre Johnsen, Runar Lillevik og Åsmund Stokkeland



Gull til lag Fodstad i 2. divisjon avdeling B. Frå venstre Anders Fodstad, Gjermund Rekstad, Are Aarebrot, Atle Sæterdal og Eskil Monrad Hagen. Bjørnar Halderaker var ikkje til stades då biletet vart teke



Gull til lag Smith i 2. divisjon avdeling C. Frå venstre Erik Eide, Øyvind Saur, Sigurd Evjen, Vidar Smith og Tormod Røren. Fremst står Frida, som vikarierte for Jon Aabye som Øyvind Saur's makker andre spelehelg



Sylv til lag Charlsen i 1. divisjon. Berre vikarane Magne Eide, til venstre, og Sven-Olai Høyland hadde krefter til å oververa medaljeseremonien. Erik Berg, Steffen Fredrik Simonsen, Thor Erik Hoftaniska og Thomas Charlsen var over alle haugar



Bronse til lag Thoresen i 1. divisjon. Frå venstre Siv Thoresen, Jo-Arne Ovesen, Peter Bendik Marstrander, Lasse Aaseng og Rune Brendeford Anderssen. Tolle Stabell var ikkje til stades då biletet vart teke

Resultater 1. divisjon

Plass	Poeng	Navn	Klubb
1	146,38	Hauge	Rogaland 1
		Hauge - Sælensminde - Brogeland - Lindqvist - Kristoffersen - Molberg	
2	128,83	Charlsen	Hordaland 1
		Charlsen - Hoftaniska - Berg - Simonsen - Eide - Høyland	
3	126,97	Thoresen	Østfold og Follo 1
		Thoresen - Aaseng - Marstrander - Anderssen - Ovesen - Stabell	
4	120,74	Aalberg	Vest-Agder 1
		Aalberg - Mæsel - Harding - Fuglestad - Bogen - Karlberg - Mæsel	
5	118,02	Kindsbekken	Møre og Romsdal 1
		Kindsbekken - Voll - Lie - Kvangraven - Berset - Ekren	
6	109,43	Kopstad	Vestfold 1
		Kopstad - Grude - Johansen - Bakke - Tøndel - Svendsen	
7	108,48	Grøtheim	Midt-Trøndelag 2
		Grøtheim - Tundal - Austberg - Berg - Livgård - Aa	
8	107,80	Bartnes	Gudbrandsdal 1
		Bartnes - Morken - Forfot - Andersbakken - Lunna - Aa	
9	100,11	Hornslie	Midt-Trøndelag 3
		Hornslie - Høyem - Stokkvik - Sætre - Furunes - Mikkelsen	
10	90,32	JS Hansen	Vest-Agder 2
		Hansen - Baumann - Brekka - Høiland - Hansen - Svindahl - Stornes - Ravnaas	
11	83,86	Våge	Midt-Trøndelag 1
		Våge - Herland - Olsen - Helness - Bogø - Græsli - Bjørkan	
12	82,14	JA Olsen	Aust-Agder 1
		Olsen - Pedersen - Lindqvist - Westin	

Plass Lag Poeng Navn Krets Lagsammensetning

Resultat 2. divisjon, Avd. A

1	159,24	Lillevik	Oslo 1	Lillevik - Ludvigsen - Jensen - Schjelderupsen - Johnsen - Stokkeland
2	149,58	Høyland	Hordaland 2	Høyland - Eide - Høyland - Bakke - Høyland - Hantveit
3	129,52	Grime	Romerike 1	Grime - Sundeng - Bjerkar - Kristensen - Olsen - Allard
4	108,81	Træet	Haugaland 2	Træet - Haga - Gamlemshaug - Tveito - Lunde - Fyllingslid
5	104,44	Thomassen	Vest-Finnmark 1	Thomassen - Bull - Guttormsen - Andersen - Ernstsen - Hætta - Bårdsen
6	104,04	Norgren	Aust-Agder 2	Norgren - Birkeland - Engenes - Norgren - Lindaas - Anjer
7	100,25	Mangset	Oslo 4	Mangset - Jordestedt - Nordby - Hantveit - Hiorth - Nodeland
8	99,48	Jensaas	Troms og Ofoten 1	Jensaas - Ingebrigtsen - Larsen - Øverli - Solum
9	98,09	Hartvigsen	Møre og Romsdal 3	Hartvigsen - Remvik - Fidjestøl - Storsten
10	93,90	Homme	Vest-Agder 3	Homme - Homme - Olsen - Kolnes - Reinertsen - Hansen
11	89,23	Jakobsen	Lofoten og Vest. 2	Jakobsen - Danielsen - Statle - Kristiansen
12	85,04	Nygård	Sogn og Fjordane 1	Nygård - Lothe - Storøy - Gjerde - Ness

Resultat 2. divisjon, Avd. B

1	162,51	Fodstad	Oslo 2	Fodstad - Aarebrot - Halderaker - Sæterdal - Hagen - Rekstad
2	137,80	Jørstad	Telemark 1	Jørstad - Jørstad - Øberg - Hogstad - Bergheim - Frydenberg
3	130,29	Davidson	Nord-Trøndelag 1	Davidson - Saur - Flakstad - Thomassen - Kvaran - Kvaran - Karlberg
4	122,79	Holmbakken	Hedmark og Oppl. 1	Holmbakken - Hagen - Rasmussen - Fyrun - Ohren - Brentebraaten
5	110,75	Lutro	Haugaland 1	Lutro - Nitter - Hansen - Urheim - Eilerås - Svendsen
6	105,73	Monrad	Oslo 5	Monrad - Hauksson - Markussen - Høyland - Wiborg - Brandvold
7	104,25	Åselid	Salten 1	Åselid - Larsen - Lyngen - Farstad - Hansen - Andresen - Brandsnes - Hjellemark - Helness
8	101,81	Pedersen	Rogaland 4	Pedersen - Stokkeland - Andreassen - Kvassheim
9	95,75	Flått	Nord-Trøndelag 2	Flått - Gundersen - Enge - Flått - Kristensen
10	89,07	Holm	Buskerud 2	Holm - Melby - Melby - Leikvold
11	81,49	Hosarøygard	Gudbrandsdal 2	Hosarøygard - Båttstad - Svalstad - Johnstuen - Eliassen - Skjæran - Andersen
12	80,54	Berg	Hedmark og Oppl. 2	Berg - Austdal - Morken - Pedersen - Andersen - Andersen

Resultat 2. divisjon, Avd. C

1	168,14	Smith	Buskerud 1	Smith - Evjen - Saur - Aabye - Røren - Eide
2	138,15	Kaspersen	Oslo 3	Kaspersen - Jørgenrud - Opsahl - Pedersen - Parnas
3	132,73	Vinjevoll	Møre og Romsdal 2	Vinjevoll - Årdal - Sunde - Holmøy - Sivertsvik - Svendsen
4	128,87	Skoglund	Østerdal 1	Skoglund - Skoglund - Evenstad - Larsen
5	108,34	Selfors	Helgeland 2	Selfors - Småli - Bogen - Bogen - Kristiansen - Fagerdal
6	103,88	Skimmeland	Rogaland 3	Skimmeland - Nesdal - Larsen - Bårdsen - Leinan - Eliassen
7	103,43	Bang	Rogaland 2	Bang - Fjælberg - Muri - Ofstad
8	100,12	Nilssen	Midt-Trøndelag 4	Nilssen - Fiplingdal - Tøsse - Tilset - Olsen
9	94,16	Vestå	Lofoten og Vest. 1	Vestå - Ellingsen - Bremseth - Harr - Eide - Ellingsen
10	85,64	Bugge	Hordaland 3	Bugge - Dale - Midttveit - Røynstrand - Vaardal - Gustavsen
11	84,03	Hoff	Sør-Trøndelag 1	Hoff - Græsli - Gåsø - Haavik - Laingen
12	72,94	K Lund	Helgeland 1	Lund - Grude - Grude - Brekk - Reppen - Reppen

Glimt fra 3. divisjon, avdeling Sunnalsøra

Av **Erlend Skjetne**

Mens spillingen i 1. og 2. divisjon skjer i et veikryss på Østlandet, arrangeres 3. og 4. divisjon på mange eksotiske steder rundt omkring i det langstrakte landet vårt. Et av dem er Sunnalsøra, stedet i Norge med mest fjell per innbygger.


Undertegnede var blant de heldige som fikk seg en tur nettopp dit i denne sesongen av Seriemesterskapet. Jeg har i en årrekke spilt 1. divisjon i Letohallen, men nok fikk være nok, nå fristet andre jaktmarker. Jeg tryglet meg derfor inn på et sørtrøndersk lag som skulle over fylkesgrensa til Møre og Romsdal for å spille 3. divisjon. Akkurat på Sunndalsøra hadde jeg faktisk aldri vært før, så dette var for meg uhyre spennende. Sunndal kommune har både interessant historie, med en forfriskende miks av gammel bondekultur, moderne industri og et nesten mytologisk bridgemiljø, og altså i tillegg en dramatisk og henrivende natur. Hvor flott er det vel ikke for eksempel å kunne spille bridge i skyggen av 1880 meter høye Storkalkinn? Fjelltoppen ligger mindre enn 7 kilometer i luftlinje fra havnivået nede på Øra, og det er ingen så høye fjell som ligger nærmere sjøen i hele Nord-Europa. Et bratt terreng, ja visst – men ikke for bratt for bridge.

Første et lite tilbakeblikk til første spillehelg, da en vakker klassiker dukket opp ved bordet. Spillet er sakset fra Snorre Aalbergs mye besøkte bridgeblogg, og ble levert inn dit av Steinar Ekren. Han ville berømme sin makker Jan Roger Strømsvåg, en av mange glimrende spillere med opphav i det sterke bridgemiljøet på Sunndalsøra. Han har ikke spilt så mye de siste årene, men i dette spillet viste han at han fremdeles behersker også de mest raffinerte teknikkene.

Jeg kjenner ikke meldingsforløpet, men det er for så vidt ikke veldig relevant. Strømsvåg ble i alle fall spillefører i 4 spar i sør. Det ser ut som en temmelig trygg kontrakt, men vest fant et skarpt motspill da han begynte med ruter ess og ruter, etter å ha fått et styrkekast i øst. Kappen er ikke et alternativ, Strømsvåg gikk opp med kongen. Nå la øst våkent tieren for å signalisere hjerterpreferanse. Så ville de aller, aller fleste simpelthen seilt spar dame rundt. Vest stikker med kongen og skifter hjerter til esset, og ruter dame fra øst sikrer en trumfhøyning hos vest. Men Strømsvåg forutså akkurat denne risikoen, og fant en effektiv motgift: I tredje stikk spilte han selv ruter! Øst dekket selvsagt, men nå kastet Strømsvåg sin single hjerter! Dermed var forbindelsen til trumfhøyningen brutt. Motparten fikk to ruterstikk og ett sparstikk, men noe hjerterstikk ble det ikke, og heller ikke stikk for spar ti.

Dette å sake en taper på en taper for å bryte motpartens kommunikasjoner, typisk til en stjeling, kalles et saksecoup. Det dukker opp i forskjellige forkledninger innimellom. Men det å kjenne igjen denne typen situasjon når den faktisk inntreffer ved bordet, vitner om høy klasse.

Det var det sørtrønderske lag Bårseth som gjorde det best første spillehelg. Det betyr imidlertid ikke at de spilte feilfritt – tvert imot. For eksempel overså spillefører en klassisk safevariant i følgende spill:






Jan Roger Strømsvåg

Vest var giver i ugunstig sone, og passet i åpning, før nord åpnet 1 kløver. Øst hoppet inn med 2 hjerter. Mot en upasset makker ville det vært en skummel melding med firkorts spar på siden, men øst regnet vel med at sjansen for sparutgang egen vei var liten nå, slik at han godt kunne underslå firkorts spar. Han fikk rett da sør meldte 2 spar. Vest støttet til 3 hjerter, og nord meldte 4 hjerter. Det viser en god løft i spar, sannsynligvis også kortfarge, noe sør aktuelt kunne se at det måtte være. Med alle sine essverdier meldte han derfor Blackwood, nord viste sitt ene ess, og sør spurte etter trumfdamen. Den hadde ikke nord, så han meldte 5 spar, og det gikk pass rundt. Meldingsforløpet var i grunnen fint, man var tross alt bare spardamen unna en enkel 6 spar, og 5 spar ser ut som en temmelig trygg kontrakt.

Hjerter ess og mer hjerter kom ut til stjeling, og hele spillet avhenger av trumffargen. Med trumfen 2–2 eller 3–1 er alt is og brus, eneste problem er om trumfen sitter 4–0. Siden øst har sperremeldt i hjerter, virker det mest sannsynlig at en eventuell firkorts spar er hos vest. Slik tenkte spillefører, så i tredje stikk dro han en liten spar til kongen. Men nå hadde øst krav på to trumfstikk; én bet. Ser du hva spillefører gjorde feil? Idet øst følger med liten spar, skal han legge nieren fra hånden. Det koster et stikk med en del jevne sitser i trumf, men er en billig forsikring mot firkorts i øst, som ikke kan utelukkes når vest tross alt støttet til 3 hjerter i ugunstig. Man kan innvende at det jo kan hende at vest får på en singel eller dobbel trumf og i neste stikk kan gi øst en stjeling i kløver. Men det er nok meget

lite sannsynlig når kløverskiftet ikke kom allerede i andre stikk. Aktuelt ville det imidlertid vært et godt motspill av vest å skifte kløver i andre stikk, for det gjør det mer risikabelt og mindre aktuelt for sør å spille spar til nieren. Som en siste parentes kan det nevnes at kontrakten alltid er bet med kløver ut, for da kan øst splitte sparen, komme inn i spar, sette makkeren inn på hjerter ess og få en kløverstjeling. Men dette skjer neppe om ikke vest har tittet i kortene.


Lag Bårseth holdt stø kurs også andre spillehelg, med flere greie seire. Kapteinen Reidar Bårseth er en glimrende kortspiller, som nok følte at det han gjorde i følgende spill, var temmelig rutinemessig. Like fullt var det mange som overså poenget og gikk bet.



Sør gir og åpner 1 hjerter. Hvis vi ser bort fra to bord der nord–sør surret seg opp i vanvittige 6 hjerter, ble kontrakten på alle bord naturligvis 4 hjerter i sør. Kløver konge kommer ut, til esset og ... Idet øst stjeler kløver ess, er kontrakten bet. I stikk to kommer spar: Slipper man den, følger kløver dame og kløver til stjeling, men stikker man, må det etterpå bli en spartaper og to kløvertapere. Uheldig sits, tenker du kanskje, og hva annet skulle spillefører liksom gjort? Vel, på de bordene der vest passet gjennom meldingsforløpet, er det for så vidt litt uflaks at kløver ess blir stjålet. Det skal sies at det kan bli lang nese om man legger liten, og vest fortsetter

med liten kløver som man også legger liten på: Skulle vest ha vært aggressiv og spilt ut kløver konge fra kongen dobbel, ser det ikke så lurt ut når øst nå vinner med damen og gir makkeren en kløverstjeling. Men dette er lite sannsynlig, så det er nesten så man skal dukke kløver konge uansett meldingsforløp. Mange hadde imidlertid fått en kløverinnmelding i vest, og da bør varsellampene virkelig begynne å blinke: Stikker man utspillet, kommer jo øst til å stjele, og hvordan skal man da kunne vinne kontrakten? Altså må det være riktig å dukke. Øst kaster et kort, og vest spiller ny kløver. Nå kan man legge liten i bordet, og idet øst stjeler og skifter spar, går man opp på esset. Etterpå kaster man en kløver på ruter konge, har ennå kløver ess i behold, og får kun en taper for spar konge. Alle på Sunndalsøra fikk samme utspill, men det var bare tre par som vant den utapelige utgangen.

I et annet spill ble det enda større utslag rundt om i salen. Halvparten av feltet gikk bet i 6 grand, den andre halvparten vant samme kontrakt. Det unge talentet Edd Robert Stenbro fra Soknedal i Sør-Trøndelag fant en pen variant for hjemgangen.



Stenbro i sør åpnet 1 kløver, og hans makker Jan Gunnar Forbregd fra Oppdal svarte 1 ruter. Stenbro hoppet til 2 grand, og Forbregd svarte 3 spar, da han regnet med at 4 grand direkte bare ville være en såkalt kvantitativ melding, altså invitt til 6 grand. Han ønsket jo å spørre etter ess med

4 grand, og fikk gjort det over Stenbros 3 grand. Essene var på plass, så Forbregd la spillet i 6 grand. Vest fant et greit utspill i liten spar. Stenbro måtte nesten ta kutten, og ny spar kom tilbake. Foruten de to sparstikkene, har man fire toppstikk i kløver, tre i ruter og to i hjerter. Når ruterer og hjerteren sitter som den sitter, fins det overhodet noen muligheter for å få resten av stikkene? Stenbro tok ess og dame i ruter for å se om knekten falt dobbel, spilte deretter kløver til damen, tok et sparstikk med hjerteravkast, og dro resten av kløverstikkene. På den siste måtte vest, for å holde ruterer, gå ned på hjerter ti dobbel. Stenbro kastet nå en hjerter i bordet, og spilte så ruter ti til knekten og kongen. Da ruterer ikke satt, dro han hjerter knekt, og nå måtte det bli tre hjerterstikk og hjemgang.

Det vest ble utsatt for, var en såkalt garderingsskvis, der man må kaste fra seg et hold i en farge, noe som åpner for en vellykket finesse som ikke fantes i utgangspunktet. En alternativ spilleføring er å ta ess og konge i hjerter før kløverstikkene, noe som saktens blir riktig om vest begynte med samme fordeling med hjerter dame i stedet for tieren, for da blir han utsatt for en enkel skvis. Et par spillere på østs plass fant et motspill som ser litt vilt ut, men som egentlig var godt etter spar ut til kongen: De skiftet hjerter. Det virker veldig lite fristende for spillefører å slippe den og eventuelt gå bet i andre stikk, og det blir ganske naturlig å plassere hjerter dame i vest og spille på feil skvisvariant.

Det var ingenting som var avgjort da spillerne lørdag aften strømmet inn på den lokale Rallaren pub. For søndag morgen skulle lederlaget Bårseth møte sine samfylkinger på lag Mælen, som lå på andreplass knappe 20 VP bak. Her telte altså poengene dobbelt, og en stor seier til Mælen ville snudd alt på hodet. Litt skummelt begynte det å bli da Mælen ledet med 10 IMP etter første halvrunde. Men lag Bårseth holdt heldigvis i kortene, og snudde også denne kampen til seier med hele 1 IMP.

Følgende lille spill fra denne viktige kampen, ble



Edd Robert Stenbro


vunnet i meldingene. Hadde du vært på høyden, som Stein Bjerkset var? Du sitter i andre hånd i gunstig sone. Det går pass før deg og pass fra deg. Nestemann åpner 1 spar, makker passer, og motstanderen til høyre løfter til 2 spar. Gjør du noe nå?

♠3
♥1073
♦QJ764
♣AK104

Det bør du. Sier du pass, går det i praksis pass rundt på spillet, som i sin helhet så slik ut:

♠3
♥1073
♦QJ764
♣AK104

♠Q1042
♥KQ965
♦92
♣53



♠AKJ86
♥J2
♦K53
♣J98

♠975
♥A84
♦A108
♣Q762

2 spar står akkurat, og ble kontrakten på mange bord, deriblant det andre bordet i Bjerksets kamp. Stakkars sør har jo ikke til å blande seg inn om det går to passer til ham – men hans side har 5 kløver i kortene! For tynne balanseringer er ikke å anbefale i lagkamp, men man kan ikke bli helt skyggeredd



Profilt turneringsleder under 3. divisjon på Sunndalsøra: 1. divisjonsspiller Asbjørn Kindsbekken

Lederen tar utgangspunkt i følgende sitat (fra meg) på Facebook: ”Om bakeren ikke får solgt sine brød, så kan han ikke kjefte på folket, og si at det er folket som misforstår. Bakeren må heller gå i seg selv, og endre sin oppskrift, slik at brødenees kvalitet samsvarer med det folket ønsker.” Dette sitatet er ikke noe annet enn en lett omskriving av en svært kjent formulering ført i pennen av Adam Smith, moralfilosof og av mange ansett som økonomiens far: ”It is not from the benevolence of the butcher, the brewer, or the baker that we expect our dinner, but from their regard to their own interest.” Når Erlend Skjetne skriver at den logikken som ligger bak sitatet er velkjent og ikke vanskelig å forstå, antar jeg at han da sikter til den logikk som Adam Smith presenterte for 240 år siden, og som ligger tjuvt forankret i økonomifaget. Om denne logikken er velkjent og lett forståelig, må jeg si at jeg er en smule forundret over en del av innholdet i lederen.

Erlend Skjetne påpeker at det er fullstendig feil å betrakte NBF som en produsent. Dette begrunnes med at en vanlig produsent har profit som mål, mens NBF ikke har dette som mål. Det er selvfølgelig ingen forutsetning at det må være profit som representerer produsentens mål for at en skal kunne trekke lærdom av hvordan en bedrift forholder seg til sin kunde i et marked. Målvariabelen kan være det organisasjonen ønsker at den skal være. Det kan for eksempel være i) størst mulig bridgeglede for medlemmene, ii) størst mulig medlemsmasse, iii) størst mulig deltakelse på turneringer (f.eks. EM i Tromsø), etc.

Om man går inn på NBF sin hjemmeside, finner man at forbundet har følgende formål:

- Å utbre kunnskap om og forståelse for bridgesporten som positiv verdiskaper i samfunnet og for det enkelte individ gjennom et fellesskap preget av likeverd, lojalitet, ærlighet og demokrati.
- Å organisere utøvelsen av bridgesporten på en måte som skjerper mental helse, stimulerer og utløser redelig konkurranse og skaper et trygt og godt sosialt miljø.

NBF trenger ikke tenke penger og profitt for å nå disse målene, Det er imidlertid nødvendig at en knytter disse mål til bridgespillerens preferanser. For meg er det uforståelig hvordan NBF skal kunne nå sin målsetting om de ikke ser på medlemmene som "kunder", og om de ikke oppfatter seg selv som en "produsent". Jeg ser det nærmest som en kontradiksjon om en ideell organisasjon skulle vært fullstendig frikoblet ens medlemmer. Det verste NBF kan gjøre er å operere i vakuum, uten kontakt med sine medlemmer.

Innsikten en kan trekke fra økonomifaget handler ikke om HVA som er målet, men HVORDAN en på best mulig måte kan nå målet. Bedriftens søken etter maksimal profitt er en søken etter å bedre egenskapene ved produktet (for eksempel gjøre produktet bedre enn konkurrentenes, eller effektivisere produksjonen slik at en kan selge til en lavere pris) og på den måten oppnå kundens gunst slik han/hun faktisk *velger* å kjøpe produktet. Det er fåfengt å appellere til kundens fellesansvar. På samme måte mener jeg at NBF kontinuerlig må arbeide med gjøre "produktet" bedre, slik at bridgespilleren velger det; ikke kreve at bridgespilleren tar til takke med det som leveres.

Det påpekes i lederen at ingen blir spesielt rike av å jobbe i NBF, og at dette skiller NBF som ideell organisasjon fra bedrifter som opererer i et marked. Vel, det er heller ikke slik at alle som er produsenter i et gitt marked blir rike. Det er faktisk nesten ingen som blir det. Bakeren får betalt for sin

anvendelse av tid, men spesielt rik blir han ikke. Ikke om markedet fungerer bra. Å forfekte et syn som innebærer at NBF ikke skal se på seg selv som en "produsent" som leverer et "gode" (tjeneste) til en "kunde", bare fordi NBF ikke er opptatt av profittjag og rikdom, harmonerer ikke med min forståelse av den logikk økonomifaget er bygd på.

I lederartikkelens beskrivelse av hvilke alternativer en bridgespiller står ovenfor, opplever jeg også at artikkelforfatteren har et annet syn på den velkjente og lett forståelige logikken fra økonomifaget enn det jeg selv har. Det skrives at *"...det er ikke slik at det finst ein annan "produsent" av bridgeturneringar her i Noreg, der eg finn eit anna og betre tilbod."* Spørsmålet om hvorvidt det eksisterer alternativer, må knyttes opp mot hvordan bridgespillerne definerer produktet. Det er sant nok at det ikke fantes et konkurrerende EM i bridge i tidsrommet 27. juni – 11. juli 2015, arrangert av en annen produsent, men å tro at den gjengse bridgespiller ikke hadde andre alternativer, mener jeg bestemt er feil. Jeg kjenner ikke så mye til den ypperste eliten av bridgespillere, men i forhold til den alminnelige bridgespilleren, den som opplever seg selv som listefyll i et EM, så vet jeg at alternativene er mange, ja, uhorvelig mange. Det kan være festivalen i Örebro noen uker før, festivaler eller turneringer på kontinentet noen uker senere, det kan være (mer) sommerferie med familien, den planlagte fisketuren på fjellet med bestekompien som man har snakket så mye om de senere år, ja, det finnes nesten ikke tall på hvor mange alternativer dagens samfunn tilbyr, og som er direkte i konkurranse med et EM i Tromsø. NBF gjør seg selv en bjørnetjeneste om en ikke forholder seg til hva som er de reelle alternativene en bridgespiller har. Dette er noe som enhver alminnelig produsent er nødt å gjøre.

Jeg vil også kommentere hvordan lederen (etter mitt syn) feilaktig fremstiller bridgespillerens "alternativkostnad" til et EM i Tromsø. Det skrives at: *"Deretter kan eg sitja heime og furte, i beste fall klikke meg inn på BBO og kaste vekk nokre timar på tullebridge mot menneske utan andlet."* Det vanlige

prinsippet som ligger til grunn når en skal beregne alternativkostnaden til et gode eller en tjeneste, er å sammenligne med beste alternative anvendelse. Jeg kjenner deg ikke godt nok, Erlend, og vet ikke hva som er din beste alternative anvendelse av tid og penger om du ikke kunne valgt EM i Tromsø, men jeg er temmelig sikker på at du har bedre alternativer enn det du skisserer over. Og, det håper jeg for Guds skyld også gjelder for den alminnelige bridgespiller. For, om ”sutting hjemme foran en PC, der tiden brukes til tulturneringer på BBO” viser seg å være det beste alternativet til et EM i Tromsø, så betyr jo dette at EM-et ikke har særlig stor verdi for bridgespilleren.

Erlend, du skriver at du kan ”...fastslå at dei to vekene med EM i Tromsø, var ei fantastisk oppleving, som eg personleg seint vil gløyme.” Jeg var også til stede under EM i Tromsø, og selv om jeg (og makker) figurerte som listefyll, så var også mine opplevelser av dette mesterskapet veldig positive. Samtidig mener jeg at en som arrangør må ta inn over seg at det var ting å utsette på arrangementet, og ikke alle ”kundene” var like fornøyd med alt. Dette kommer også til uttrykk i Boye Brogeland sin leder BIN i etterkant av EM. I store perioder var det kaldt i spillelokalene, det var dårlig merking av inngangen til spillelokalene, det var kø når en skulle få tak i utskrifter av frekvenstabeller og spillestensiler, toalettforholdene var et godt stykke unna det optimale, det ble dyrere om en sammenligner med Bridgefestivalen, osv. Hvordan kunne dette vært unngått, og hvordan kan en unngå tilsvarende i fremtiden? Jeg tror at nøkkelen til svar på disse spørsmålene ligger i at arrangøren ser på seg selv som en ”produsent” hvis mål er å levere et best mulig ”produkt” til ”kunden”. Er produktet godt nok, så kommer bridgespilleren.

Nå må jeg skynde meg å skyte inn at jeg ikke mener å kritisere NBF for det arbeid som ble gjort i forkant av EM i Tromsø. Med de ressursene NBF rår over, er mitt inntrykk at forbundet gjorde en god og helhjertet innsats etter beste evne, og jeg har ingen som helst tro på at andre med letthet kunne gjort en bedre jobb. Av og til er det bare slik at

”kundene” er noen rare dyr: Man tror man vet hva de ønsker, men så viser det seg at de ønsket seg noe annet likevel. Og, NBF har tross alt hatt suksess med Bridgefestivalen. Hvorfor skulle det gå verre her? Min høyst ukvalifiserte synsing er at (mangel på) informasjon til bridgespillerne er et nøkkelord. Igjen, jeg kjenner svært få bridgespillere, men dem jeg har snakket så for seg at EM kom til å bli noe ”annet” enn Bridgefestivalen: EM i bridge hørtes mer ut som et maratonløp, mens bridgefestival høres mer ut som Titano(festivalen). Med andre ord: Det var kanskje større usikkerhet knyttet til det sosiale aspektet når det gjaldt EM i Tromsø. Om dette var en faktor som bidrog til lavere norsk deltakelse, så er det, etter min ringe vurdering, vanskelig å klandre forbundet for at de ikke forutså dette. I tillegg var det sannsynligvis en rekke ulike faktorer som man i etterpåklokskap kan mene førte til lavere deltakelse, men som man i planleggingsarbeidet ikke kunne forutse.

Uansett hva grunnen til den lave norske deltakelsen var, håper jeg av hele mitt bridgeherte at NBF i etterkant tar med seg ”kundenenes” perspektiv når EM skal evalueres, og at forbundet tar med seg den porsjon respekt og ydmykhet som må til når de skal vurdere bridgespillerens oppfatning av produktet. Jeg tror nok at forbundet gjør nettopp dette. Likevel, jeg vil be på mine knær om at NBF ikke luller seg inn i tanken om at det er de norske bridgespillerne sin feil at EM i Tromsø ikke ble den økonomiske suksessen en drømte om.

Merknad frå Erlend Skjetne

Takk til Helge Bremnes for eit interessant innlegg. Eg og Bremnes har diskutert nok, det er ikkje noko poeng å drive ordskiftet mellom oss to vidare i dette magasinet – men andre lesarar er naturlegvis hjarteleg velkomne til å skrive tilsvaer. Det bør berre understrekast at alt eg skriv i ein leiarartikkel i Norsk Bridge, står for mi eiga rekning og ikkje NBF si. Uansett er det mangt og mykje i innlegget frå Bremnes som både eg og NBF med fordel kan notere oss.



RABATT PÅ FLYREISER MED NORWEGIAN

Som medlem i Norsk Bridgeforbund har du mange medlemsfordeler. En av disse er at du flyr billigere med Norwegian, også på reiser som ikke har noen ting med bridge å gjøre!

Avtalen innebærer at alle medlemmer av NBF får 6 % rabatt på flyreiser i Europa. Det eneste unntaket er billige kampanjebilletter og gruppereiser. Så tar du med deg familien til London og betaler kr. 5000 tur/retur har du spart kr. 300!

For NBF innebærer det også en stor besparelse på reiserefusjoner, dersom alle våre medlemmer tar i bruk rabatten.

Avtale om fasttrack for NBF-medlemmer er forlenget ut 2015.

Hvordan gjør man det?

Å ta i bruk avtalen er meget enkelt. Alt du må gjøre er å registrere avtalekoden NORSKBRIDGE i din Norwegian-profil, og den slår automatisk inn hver gang du bestiller en reise. For de som ikke har en profil hos Norwegian fra før, kan dette opprettes gratis på under to minutter via flyselskapets hjemmeside.

NBF og Norwegian ønsker deg en trygg og billig flyreise!

norwegian




Bridge for de relativt ferske

Av Øystein Eriksen


Så var vi i gang med et nytt år også i denne spalten. Det er jo alltid nok av spill å velge i, det gjelder bare å finne enkle og greie poeng, noe som ikke alltid er like lett.

Spill 1

I det første spillet er det Syd som er giver, og Nord–Syd er i faresonen. Det spilles parturnering. Syd åpner i 1 ruter, og Vest går inn med 2 grand, såkalt Marmic, som viser minst 5–5 i de to laveste umeldte fargene, i dette tilfellet kløver og hjerter. Etter pass i Nord hopper Øst til 4 hjerter. Syd vil ikke gi seg så lett og melder 4 spar, og nå går det pass rundt. Vest starter med hjerter ess, og du har dette å boltre deg med:




Du var jo heldig med makker og sparfargen. Dersom ikke ruter er veldig skjevt fordelt, gjelder det å få godspilt denne. Du tar en runde trumf, begge følger farge. Du har ikke nødvendigvis råd til flere trumfrunder, nå bør du spille ess og konge i ruter. Alle følger farge, og nå kan du stjele en ruter i bordet – lav stjeling er tilstrekkelig, da vest kaster en hjerter. Du spiller så en spar til tieren, og må ta nok en runde trumf, da Øst begynte med tre. Siden kløver ess er plassert hos Vest, blir det ikke mer enn elleve stikk, men det bør du være godt fornøyd med. Slik så det hele ut fra start:



Som du sikkert har sett står 4 hjerter Øst–Vest. Syd meldte hardt, men korrekt – i parturnering må man ta noen sjanser for å skape poeng, og man må til og med tåle å gå noen doblede betar innimellom.

Spill 3

Det ble mange majorutganger denne gangen, men i dette tredje spillet er det ikke lenger 4 hjerter, men 4 spar du skal få øve deg i.



Du spiller lagkamp denne gangen, så overstikk er ikke så viktig, bare du klarer kontrakten. Øst åpner i 1 kløver, Syd passer og Vest melder 1 hjerter, før Nord doubler opplysende. Etter pass i Øst hopper da Syd til 2 spar, siden Nords dubling jo indikerer spar. Nord hever friskt til 4 spar, og det går pass rundt. Vest spiller ut kløver konge, og så tar du over.


I dette tilfellet er det bordet du må godspille, og det er mye du skal gjøre. Etter meldingene må Øst ha omtrent alt av utestående honnører, og det skal du basere deg på i spilleføringen. Du bør straks spille ruter til kongen og prøve hjerterfinessen. Den går bra, hjerter dame holder stikket. Så spar til esset – ingen grunn til å ta en finesse som uansett vil mislykkes – og fra Øst kommer spar knekt! Så er det

Spill 2


I det neste spillet, som også er hentet fra en parturnering, sitter du med disse kortene som Syd, og er giver med alle i sonen:

♠ -
♥ A Q J 9 6
♦ A 6
♣ A 9 8 6 5 3

Du har en veldig spillesterk hånd om du finner tilpasning hos makker. Med 5–5 ville du åpnet i den høyeste fargen din, men med 6–5 er det normalt å åpne i den lengste, i dette tilfellet altså 1 kløver. Vest melder inn 1 spar, pass hos Nord og 2 spar hos Øst. Hva melder du nå? Du må vise spillestyrken og bør derfor tøye deg til 3 hjerter. Du har jo nå oftest en 6–5-hånd med gode honnører. Etter pass hos Vest melder makker 4 hjerter, og det hele dør ut. Vest spiller ut spar ess, og her er kortene du skal håndtere:



hjertertilpasning gjorde han rett i å legge på i det aktuelle meldingsforløpet. Hvordan vil du så spille denne kontrakten? Du trumfer selvsagt utspillet, og siden du ikke har uendelig mange trumf, må du gå på kløveren med en gang. Kløver ess og kløver til stjeling blir fulgt av ruter til esset og ny kløver til stjeling. Kløveren satt fordelt 3–3, så nå er den fargen godspilt. Nå kommer hjerter til finesse, men Vest hadde kongen, som sammen med et ruterstikk blir to til motparten og elleve til deg. Er kløveren fordelt 4–2 kan du bli avhengig av hjerteren 2–2 for å vinne kontrakten, da du fort blir vel kort i trumf.




Slik så hele spillet ut. Øst kunne kanskje hoppet til 3 spar i stedet for forsiktige 2 spar, men da melder du vel 4 hjerter? Øst–vest har akkurat en god stamp i 4 spar. Der får forsvaret med seg to kløverstjeling og tre ess, men det er bare to betet og 500 i stedet for 620, en stor forskjell i parturnering.

Ikke mange poeng hos makker, men med fin

tid for ruter ess og ruter til stjeling. Begge følger, så nå er ruteren godspilt. Nå er det bare å spille spar til liten og kongen. Øst får også et kløverstikk, men resten er ditt.

Det er ikke så sjelden at meldingene hjelper deg med å plassere kortene, slik at du kan finne den rette spilleplanen. Dette var et godt eksempel på fornuftig kortlesing.



Honnørar på rett stad

Av **Villy Dam**

(Omsett av **Trond Eidnes, «Sokken»**)

Dekk over artikkelen og ta eitt og eitt problem om gongen. Legg eventuelt opp korta.

Du skal opne på denne gode hyppen:

♠ KQ62

♥ KJ87

♦ 762

♣ AK

Meldinga di?

Dette går nærast på autopilot: 1NT, 15–17. Nord – Sør blandar seg ikkje inn, og frå Aust høyrer du 2♣.

Kva viser den meldinga?

2♣ er Stayman og spør etter majorfargar.

Svaret ditt på dette spørsmålet?

Du har to fargar å vise, og melder økonomisk nedanfrå: 2♥.

Like etter ser du 3NT-kortet frå makker.

Er vi så ferdige med melderunden?

Visseleg ikkje! Ein Stayman-meldar lovar minst éin majorfarge. Og når Aust ikkje følgde opp hjarteren din, har han altså spar.


Du melder derfor 4♠, som alle passar på. ♣J kjem ut, og du ser:

♠ KQ62

♥ KJ87

♦ 762

♣ AK



♠ AJ109

♥ 652

♦ AQ103

♣ 95

Vest	Nord	Øst	Syd
1NT	pass	2♣	pass
2♥	pass	3NT	pass
4♠	pass	pass	pass

Merk deg at Aust etter din 2♥ ikkje må vise sparfargen sin. Det syner fem spar. Med Stayman har Aust alt garantert minst ein fire korts majorfarge.

Etter ♣A fjernar du den uteståande trumfen med tre gonger spar og endar opp på bordet.

Kva no?

Det er ein god idé å få etablert nokre stikk i dei raude fargane. Ruterer må spelast frå handa og hjarteren frå bordet – frå dei små mot dei store. Altså liten hjarter heim mot handa, der Sør viser fram ♥3.

Kva vel du å leggje i Vest?

Har Sør ♥A, vil kongen gi stikk. Har Sør derimot dama, kan du med knekten presse ut esset bak og godspele kongen. Men Sør kan jo ha begge dei manglande honnørane, og då får du no stikk på både knekt og konge, ikkje sant?

Altså på med ♥J. Knekten held.

Og vidare?

Du spelar ruter (frå dei små mot dei store) og ser ein liten tass i Nord.

Påspelet ditt i bordet?

Her gjeld noko av det det same som i hjarter: Har Nord ♦K, skaffar ♦Q eit ekstra stikk. Tilsvarende: Har han ♦J, kan ♦10 presse ut kongen i Sør slik at dama blir god.

Men Nord kan jo ha både knekten og kongen. Ta derfor finesse på ♦10!

Nok ein gong får du eit «billeg» stikk.


Kva gjer du så vidare?

Tilbake til hjarteren! Du spelar opp mot kongen, og Sør tek for esset sitt. Ein kløver fjernar så kongen din.

Meir arbeid?

Ja, du må fullføre dobbelfinessen i ruter ved å spele ein liten mot dama. Deretter går resten av seg sjølv.

Heile fordelinga:



Kor mange stikk greidde du å få utanom trumffargen?

Sju. To i hjarter, tre i ruter og ♣AK.

Kor mange trumfstikk fekk du?

Fem. Du starta med å dra tre rundar trumf. Då hadde du att ein trumf på kvar hand, og du fekk for dei begge kvar for seg. Den fjerde ruterer i bordet vart dekt opp av siste trumfen på handa, og den fjerde hjarteren på handa av siste sparen i bordet.

Du fekk ikkje mindre enn tolv stikk. Men du hadde ikkje meldt for lågt, for heile fire honnørar sat på rett stad: ♥AQ og ♦KJ. Det heiter flaks!

Som i dette spelet kan du normalt ikkje vite om honnørane er på rette staden. Men det gjeld å utnytte flaksen når han først dukkar opp.

Kor stor verdi har overstikka?

I god, gammaldags robberbridge spelar ikkje overstikka særleg rolle. Heller ikkje i lagturnering – der differansen mellom dei to borda blir rekna om til internasjonale matchpoeng, IMP. Under ser du tabellen for utrekning av IMP. Eit lag legg saman scorane sine frå dei to borda, der dei to para jo sit i kvar si retning: Har laget 600 inn på det eine bordet, 100 inn på det andre, blir summen 700, ein gevinst på 12 IMP. Har laget 600 inn på det eine bordet og 300 ut på det andre bordet, blir differansen 300 i lagets favør, ein gevinst på 7 IMP. Har laget 600 inn på det eine bordet, 660 ut på det andre, blir differansen 60, og resultatet 2 IMP i lagets disfavour. Har laget 100 ut på det eine bordet

og 300 ut på det andre, blir summen 400, 9 IMP til motparten.

Men i parturnering kan eit einaste stikk ekstra utløyse ein topp i høve til konkurrentane. Om for eksempel alle er i 3NT, går toppen til det paret som har scora 460 for elleve stikk, dersom ein ved alle andre bord berre har notert 430 for ti. Har du lyst til å lære meir om scoren i parturneringar? Om du blar eit par sider til artikkelen «Overstikk i parturnering», kjem vi inn på sjølve utrekninga.

IMP-tabellen

Poengforskjell	IMP	Poengforskjell	IMP
20 - 40	1	750 - 890	13
50 - 80	2	900 - 1090	14
90 - 120	3	1100 - 1290	15
130 - 160	4	1300 - 1490	16
170 - 210	5	1500 - 1740	17
220 - 260	6	1750 - 1990	18
270 - 310	7	2000 - 2240	19
320 - 360	8	2250 - 2490	20
370 - 420	9	2500 - 2990	21
430 - 490	10	3000 - 3490	22
500 - 590	11	3500 - 3990	23
600 - 740	12	4000 -	24

Meldeprøven

♠ AQ74
♥ AK
♦ 97
♣ J8543

Vest	Nord	Øst	Syd
			1 ♠
?			

Kva melder du i Vest?

Vel mellom pass, doblar, 1NT og 2♣.

Løysing: Du er litt for svak til 1NT (15–17), og med to doubletonar har du heller ikkje den rette fordelinga. Du kan ikkje opplysningsdoble, for du manglar hjelp i dei raude fargane. Og kløverfargen er for tynn til ei innmelding.

Så ut frå eliminasjonsmetoden må du passe med dine 14 poeng – og handa er vel ikkje heilt borte i motspel heller? Stansar meldingane opp, har makkeren din enno sjansen.

Poeng: pass: 10, 1NT: 6, 2♣: 4, doblar: 2

Overstikk i parturnering

Av **Villy Dam**


(Omsett av **Trond Eidnes, «Sokken»**)

Dekk over artikkelen og ta eitt og eitt problem om gongen. Legg eventuelt opp korta.

Her skal vi ta for oss en parturnering, der flere andre par skal behandle de samme korta som du og makkeren din:

♠ AK103
♥ KJ872
♦ K
♣ A54

♠ AK103
♥ KJ872
♦ K
♣ A54



♠ Q764
♥ Q953
♦ A Q J
♣ 62

Vest	Nord	Øst	Syd
1 ♥	pass	3 ♥	pass
4 ♥	pass	pass	pass

Nå bruker du litt tid på å planlegge spillet.

Er utgangen i fare?

To raske tapere truer – en i trumf og en i kløver. Kontrakten er ikke i fare, men i parturnering gjelder det om mulig å ta et stikk mer enn resten av salen når du er i en normalkontrakt.

Stikker du i kløver? Hva spiller du etter å ha stukket deg inn?

Du kan unngå kløvertaperen ved å stikke med ♣A og straks spille ruter.

Hva gjør du i de neste stikkene?

Stikk over ♦K med esset, ta så for ♦QJ og kast håndas to små kløver på dem.

Og så?

Tida er inne for å trekke trumf. En liten hjerter fra bordet stikker Syd med esset. Du trumfer så fortsettelsen fra Syd i kløver.

Åpningsmelding?

Du har 18 honnørpoeng og innleder rolig med din lengste farge, 1 ♥, som viser 12–21 hp.

Motparten passer, men makker støtter deg til 3 ♥.

Hva viser Øst?

10–12 med fordelingspoeng.

Ditt neste bud?

Når makker har støttet, kan du i kraft av fem trumf normalt regne 3 poeng for singletonen. Med totalt 21 poeng sammen med makkers 10–12 er dere vel på grensen til lilleslem?

Kanskje du skulle invitere med 5 ♥ eller forsøke 4NT som spørsmål etter ess?

Nei! ♦K teller ikke fullt som både singleton og honnør. Blanke honnører er et minus, og håndas di kan ikke regnes som mer enn 18–19 poeng.

Men du har selvsagt rikelig til å gå i utgang. 4 ♥ avslutter meldingsforløpet, og etter utspill av ♣K ser du:

Hvordan var motspillstrumfen fordelt fra start når Syd kaster en ruter på neste runde? Skal det spilles mer trumf?

Trumfen satt 3–1, og du fjerner også den siste motspillstrumfen med en tredje runde.


Nå står sparen for tur, og alle bekjenner (følger farge) på esset.

Hvilken honnør skal ta det neste sparstikket?

Sitter motpartens spar fordelt 3–2, kan du fjerne den med AKQ. Har Nord Jxxx, har han et sikkert hold, men hvis Syd er utstyrt med Jxxx, kan du knipe opp knekten ved å ta det andre sparstikket med dama.

Nord viser renons neste gang, og for en gangs skyld kan du ta en 100 prosent sikker kapp ved å spille spar mot tieren. Vi kaller det markert finesse.

Du fikk tolv stikk med denne fordelingen:



Så burde du likevel ha satset på slem?

At du fikk tolv stikk, er ikke det samme som at slemmen kunne eller burde meldes. Med Østs aktuelle hånd var lilleslemmen fin, men prøv for eksempel å gi Øst ♣Q i stedet for ♦Q eller ♥Q. Da er det en elendig 6♥.

Hva kunne skjedd om du hadde vært for gjerrig til å slakte ♦K med esset i andre stikk?

Jo, til tross for KQ i kløver burde Nord ha startet med sin single spar. Når Syd får stikk på ♥A, vil Nord kunne trumfe ny spar i retur.

I lagkamp ville det tolvte stikket i 4♥ bare utgjort en minimal forskjell. Helt annerledes i parturnering, der den lille forskjellen belønnes: Bare 10, 20 eller 30 poeng mer enn salen kan være gull verdt.

Med seks bord i turneringen deles disse matchpoengene ut til parene: 0–2–4–6–8–10. 0 er bunn (det dårligste resultatet), og 10 er topp (det beste resultatet).

La oss tenke oss at ett Øst–Vest-par, f.eks. par 1, går beit i 6♥, at parene 2–5 får 11 stikk i 4♥, mens par 6 får 12 stikk. Det fører til at par 1 scorer 0 matchpoeng (en bunn), parene 2–5 deler 2 + 4 + 6 + 8, noe som gir hvert av parene 5 matchpoeng. Endelig får par 6 hele 10 poeng.

Så det ekstra overstikket gjorde i vårt tilfelle at scoren ble hevet fra middels til rein topp.

I enkelte klubber foretas beregningen litt annerledes ved at middelscoren er 0. Det vil si at paret som går beit i 6♥, får -5, mens par 6 med 12 stikk i 4♥, oppnår +5. Bortsett fra utregningsmetoden er prinsippet nøyaktig det samme.



I ein fersk artikkelserie vil den norsk-tadsjikiske litteraturvitaren og bridgespelaren Maja Kovskij presentere for lesarane skjønnlitteratur som dreier seg om kortspel, både frå norsk og internasjonal bokavl. I dette avsnittet skal vi sjå på diktet «*Spelet*» av den franske diktaren Charles Baudelaire.

Den ganske naturlege galskapen

Vi har møtt ganske mange patologiske spelarar i denne artikkelserien, og fleire skal det bli. Denne gongen skal vi møte dei i det rette elementet deira, i speleklubben. Den franske diktaren, omsetjaren og kunstkritikaren Charles Baudelaire (1821–67) hadde eit breitt register, han skreiv om dei forskjelligaste menneske i dei forskjelligaste situasjonar, med ei sereiga røyst som gjorde han til ein føregangsmann innan modernistisk litteratur. Han forkasta ikkje den gamle romantikken med moderne arroganse, han skapte tvert imot ein sjeldan symbiose av romantikk og modernitet, han inkorporerte tradisjonane i eit rebelsk og burlesk språk. Med denne opprørstrongen i blodet, vart det viktig for han å skildre det moderne mennesket i den typiske moderne situasjonen, i det mangslungne og kvileause storbylivet. Det mest kjende verket hans, *Les Fleurs du mal* eller *Det vondes blomar*, kom i 1857 og handlar om nettopp denne tematikken. Det er ei formfullenda samling, der Baudelaire tek på seg eit kontroversielt oppdrag: Han vil syne fram venleiken sine moderne aspekt. Allereie tittelen på verket er eit oksymoron, altså ei motseiing i sjølve ordet: Vi er vane å tenkje på blomane som ei god kraft, og eit positivt symbol i lyrikken, men her er blomane altså vonde. Samlinga hadde eigentleg fem delar med til saman hundre dikt, men seks av dikta fekk dom på seg for å vera utuktige, og var tekne vekk i

andreutgåva i 1861. I staden for desse dikta utvida Baudelaire boka med 32 dikt til, slik at talet kom oppe i 126. I 1868, året etter at forfattaren døydde, kom ei utgåve til med heile 151 dikt.



Charles Baudelaire

Utskilt som ein eigen del av *Det vondes blomar*, er ein bolk kalla «Tableaux Parisiens», som ein på norsk kan kalle «Paris-tablå» – eller kanskje betre, med omsetjar Haakon Dahlen, «Parisarbilete». Eit tablå kan vera eit målarstykk, men det kan òg vera ein del av eit skodespel, ei oppstilling av levande personar på scena, gjerne for å framstille motivet i eit målarstykk. Paris var ein millionby allereie på Baudelaire tid, men stod vel i realiteten like fjernt den gongen som no frå dei stiliserte framstillingane av ein danna og distingvert kulturby. Fattigdom

og elende rådde, men «tablå» som framstilte alt det raffinerte og sjarmerande livet i Paris, var populære hjå det vesle velsoignerte sjiktet som fanst i byen. Baudelaires «Parisarbilet» har det same sterke biletlege tilsnittet: Vi som lesarar ser, i lag med eg-personen i dikta, rett inn i ulike scener frå det røynelege livet. Men her er det kvardagen til det store mørke fleirtalet vi ser, ikkje anakronistiske idyllar som fiffen kan kjenne seg att i. Ein sjeldan gong er livet vakkert jamvel for dei fattige og elendige – langt oftare er det stygt. Men sjølv når det er stygt, er det er det kanskje litt vakkert i styggeleiken sin? Vi les diktet «Le jeu», i norsk omsetjing «Spelet».

*Grå kurtisaner sit på falma benker
med måla augnebryn og blikk med djevelsk fryd,
kokette ristar dei på øredobb og lenker,
og steinar og metall kling att med klirrelyd.*

*Kring spelebordet leppelause andlet,
fargelause lepper og kjevar utan tann,
forvridd fingrar, feberheite inntil vanvet,
på leit i tome lommer og langs barm i brann.*

*Eit skittent tak med rad av lys som veiknar
straks digre oljelamper deler ut sitt skin
til kjende diktarar der kinna bleiknar
når blod og sveitte bråkvast endar i ruin.*

*Slik steig det svarte draumbiletet fram ved natt
for auget mitt, like synet til ein visjonær.
I kroken på mi stille hole satt
eg sjølv, forknytt og ordlaus av begjær,*

*misunneleg på desse med slik trassig trå,
på gamle horer, nifse i si muntre stemning,
dei alle vandra frekt og fritt forbi mi vrå
med ære tapt hos ein, og andre utan hemning!*

*Og hjartet mitt blei skræmt ved å misunne
så mange slitne vrak på veg mot avgrunnsrand,
som sansedrukne ynskte seg å gå til grunne
i smerte, i Inferno, heller enn i Inkje-land!*

Baudelaire sitt utgangspunkt i klassisk stil, kjem til syne i den faste og klåre syntaksen, den logiske strukturen på diktet. Men dei arkaiske uttrykka vekslar med moderne og folkelege uttrykk, setningane er lange og fleksible, språket tidvis nokså daglegdags. Kva så med forma? Diktet er ein aleksandrinar. Dette gamle franske versemålet dukka opp for fyrste gong i eit heltedikt om Aleksander den store frå kringom 1180, og vart mykje brukt i fransk litteratur frå renessansen til og med romantikken. Kvar strofe har fire verseliner med parvise rim, som eigentleg skal vera høvesvis kvinnelege og mannlege, det vil seia gå på tostavings- og einstavingsord. Det er klårt at dette er nærast umogleg å reproducere ned til minste detalj i ei omsetjing, om ein òg skal vera noko lunde tru mot innhaldet og føre eit naturleg språk med god flyt. Men Haakon Dahlen har fylgt mønsteret så godt som råd er ut frå føresetnadene, og det er viktig, for det formelle spelar i høgste grad ei rolle her: Også til dei tradisjonelle lyriske formene, vil rebellen Baudelaire gie eit nytt og uventa innhald.

Her er vi altså i ein speleklubb – ikkje eit kasino av Monte Carlo-standard, men ei bule i det som nok er ein lite fornem del av Paris. Eg-personen tilkjennegjev seg fyrst seinare i diktet, men vi skjønar snøgt at det vi ser, det ser vi gjennom auga på ein tilskodar. Han held seg på ein viss distanse, han tek ikkje sjølv del i spelet. Til å byrja med har han då òg den skuldfrie, objektive observatøren sitt kritiske blikk – men det blikket skal tidsnok vike for ei anna, meir nyansert forståing. Allereie fyrste verseline peikar i retning av den komande ambivalensen, gjennom bruken av eit oksymoron: Ei kurtisane – ordet har opphav i fransk – var opprinneleg ei kvinne ved hoffet, som saktens kunne vera ein slags prostituert, men som i alle høve var venta å ta seg godt ut. Men her har kurtisanene altså vorte gråe, venleiken deira har gått over i relativ styggeleik. Det medrivande spelet har vekt ein helveteseld, ein djevelsk fryd i augo deira, endå kurtisanene nok berre er tilskodarar dei òg, som eg-personen. Når blikket hans vandrar vidare til sjølve spelebordet, er ikkje utsikta serleg

gildare: Andleta på dei spelegalne er monstrøse, og framtoningane deira desperate. Når vi får ei skildring av sjølve lokalet, er tonen langt på veg den same negative.

Men midtvegs i den tredje strofa skjer noko interessant, som innleier ei vending i diktet: Mellom alle dei spelegalne i spelebula, identifiserer eg-personen diktarane. I gamle romantiske førestillingar var diktarane opphøgde storleikar, geni gjevne skaldegåva av gudane. Men her er dei nede på nivået til dei lægste i samfunnet, dei har gjeve etter for skjendige impulsar, det er ikkje lenger noko nobelt ved dei. Eg-personen seier ikkje rett ut at han sjølv høyrer til i diktarane sine rekkjer. Men eit eller anna slag diktar må han vel naudsynlegvis vera, når han skriv dette diktet? Kjenner han seg att i dei stakkars spelegalne diktarane? Blir han freista av det høge fallet deira, frå parnasset ned til avgrunnsranda? Dei romantiske diktarane underbygde villig førestillingane om seg sjølve som visjonære, med eit profetisk blikk for den store venleiken i verda. Den namnlause dikteren hjå Baudelaire sit i hjørnet av ein grell visjon som mest liknar eit mareritt, «det svarte draumbiletet». Baudelaire skal ikkje sjølv ha vore disponert for spelegalskap – eller ludomani, som det heiter med eit finare ord. Men her røper han stor sympati for dei spelegalne, slik han òg syner sympati for horene, og andre stader for fyllikane og dei lutfattige – for alle på botnen av rangstigen, kort sagt. Gjennom misunninga han uttrykkjer i den siste helvta av «Spelet», smeltar blikket hans så å seia i hop med motivet. Han er diktar, men han skjønar vanskaner til den store, skitne massen, skjønar dei i ein slik grad at han sjølv blir del av same masse.

Litteraturteoretikaren Walter Benjamin tek tak i denne tematikken i det kjende essayet «Noen motiver hos Baudelaire», omsett til norsk av Arild Linneberg. Marxist som han trass alt var, siterer Benjamin Friedrich Engels, som i si tid skreiv med forakt om den moderne storbyen, der «den følelseløse isolasjon av hver enkelt i sine privatinteresser, trer fram som mer avskyelig

og mer skadelig, jo mer disse enkelte er trengt sammen på et lite område.» Så dystert som diktet «Spelet» er, kan ein koma i skade for å tilskrive Baudelaire ei like nedlatande haldning andsynes storbyen, som jo er sjølve ramma kring heile samlinga *Det vondes blommar*. Men som forfattar hadde Baudelaire ein førebiletleg eigenskap: Di eldre han vart, di sterkare tvilte han på alt. Den litterære modernismen var for han ein konsekvent tvil på dei etablerte «sanningane» i romantikken. Er det verkeleg slik at storbyen med alle menneska sine berre er stygg og støyande, mens det rurale og pastorale ber i seg ein sann visdom, ei djup sinnsro? Baudelaire var ambivalent i det spørsmålet, som han etter kvart var i dei fleste andre spørsmål. Like ambivalent er eg-personen i «Spelet»: Han er utanfor biletet, og han er midt i det. Han passar ikkje inn, men han glid sakte inn. Han ser med skepsis på massen, men er samstundes med i massen sin kollektive galskap. Som det heiter i etterordet til «Parisarbiletet», presist formulert av Arne Kjell Haugen: «Mengder, ensomhet – likeverdige og konvertible uttrykk hos den aktive og produktive poeten. Den som ikke makter å befolke sin ensomhet, er heller ikke i stand til å være alene i en travel mengde.»



Walter Benjamin
skreiv godt
om Baudelaire

Den kunnskapen dikteren får om seg sjølv – kor nær han i røynda står dei tilsynelatande elendige individua i spelebula – vekkjer i han ei såkalla skrekkblanda fryd. Dei spelegalne er botnslam i samfunnet, slavar av sin eigen blindleik, på veg utfor stupet både mentalt og økonomisk. Kva kan dikteren, i sin visdom, ha å hente hjå ei slike gruppe? Misunninga seier ein heil del om han

sjølv, om hans eigen situasjon, og kanskje om den faktiske diktaren Baudelaire: Han har granska medmenneska sine i verda så å seia med lupe, og mist dei mange illusjonane vi andre er så glade i. Den store visdommen som romantikken handla om, har svikta han, og han har falle inn i ein tilstand av apati. Kanskje er det denne livssmerta som har førd han til spelebula, og det han finn der tykkjest ikkje vera mindre nobelt enn alt anna tidsfordriv i verda. Spelarane rusar seg på si eiga avhengigheit, dei er «sansedrukne» på vegen mot undergangen. Lengsla deira er ein av dei yttste konsekvensane av framandgjeringa og monotonien i livet til det fattige storbymennesket: Dei vil oppleva noko nytt, kva som helst – om så smerte! Det samsvarar godt med noko Benjamin skriv om Baudelaire: «Han regnet med lesere som finner det vanskelig å lese lyrikk. Viljeskraften, og vel også konsentrasjonsevnen deres, står det dårlig til med; de foretrekker sanselige nytelser; de er fortrolige med den spleen som dreper interessen og evnen til å ta imot.»

Det sanselege ved den sterke kjensla av spenning ved spelet – adrenalinet som suser gjennom kroppen – blir underbygd av det svært organiske språket i «Spelet». Her står ikkje berre det høge mot det låge, her står det stabile mot det labile, det materielle mot det immaterielle. Kjensla av spenning er ikkje i seg sjølv ei destruktiv kjensle, som den sedvanlege grådigheita. «Spilleren går inn for å vinne, det er opplagt,» skriv Benjamin. «Likevel vil man ikke kunne kalle hans bestrebelser på å vinne og gjøre penger for et ønske i ordets rette mening. Kanskje oppfylles han i sitt indre av et grenseløst begjær, kanskje en dunkel besluttsomhet. I alle fall er han i en forfatning der han ikke kan gjøre noe stort nummer av erfaringen. Ønsket på sin side tilhører derimot erfaringens orden.» Gleda ved å spela er – for å seia det på ein enklare måte – ikkje framtidretta. Det er ei sann notidig glede, uforfalska «hiersein», fiksert i den einskilde augneblinken, utan krav til framtida. Om spelaren vinn stort, går han ikkje neste kveld på ein fin restaurant, for så å setja resten av pengane i banken. Nei, neste aftan går han igjen til

speleklubben. «Det å alltid-igjen-begynne-på-nytt er spillets regulative idé,» meiner Benjamin. Det er den regulative ideen til Sisufos òg, han som gong på gong må skyve ein diger stein opp til toppen av ein bakke, berre for å oppleva at steinen straks rullar ned att, og at slitet må byrja frå botnen. Det er den myten eksistensialisten Albert Camus tek utgangspunkt i, når han skriv om det fundamentalt absurde ved menneskelivet: Det meste av dette livet er vane, repetisjon, for ikkje å seia keisemd. Finst det ei utsikt til variasjon, til ei radikal endring, lèt vi oss fullstendig blinde av den ideen, til dømes i pengespelet: Det byrjar kanskje med ein draum om rikdom, og kan lenge bortforklårast med den draumen. Men i praksis blir ein ikkje rik, og ganske snart spelar ein eigentleg berre for sjølv spelet si skuld. «Her rulla gull, her spela eg med gullet,» heiter det i eit lite dikt av Nietzsche. «I røynda spela gull med meg, eg rulla.»

«Det har altså sin bokstavelige mening når sekundviseren – *la Seconde* – opptrer som spillerens partner hos Baudelaire,» skriv Benjamin, og syner til eit anna dikt i *Det vondes blommar*, «L'horloge» eller «Klokka», der det heiter: «Hugs at tida er ein grådig spelar / som vinn kvar gong utan å juks! Det er lova.» Ja, tida spelar eit lengre spel, og spelar det med kvilelaus hækne. Men her og no, idet Baudelaire sitt lyriske alter ego skriv diktet sitt frå spelekjellaren opp til oss på overflata, sit menneska kring spelebordet og trur dei skal vinne over sine eigne livsvilkår. Éi sanning kan den desillusjonerte romantiske diktaren, fanga i den uoversynlege og brutale storbyen, omsider sjå med klårleik: Illusjonane er dei same i alle tidsaldrar. «Den evige venleiken finst ikkje,» skriv Arne Kjell Haugen i etterordet til «Parisarbilete». «Han er berre ein abstraksjon som skummar på overflata av forskjellige skjønne ting.» Det fåfengde spelet har alltid dei same reglane. Men om menneska aldri når fram til det dei drøymmer om, ligg det ein venleik i sjølv draumen, og i biletet av det mennesket som aldri sluttar å drøyme. Til alle tider – og i sær når tidene skifter så snøgt som no – må diktaren vera til stades for å skildre denne venleiken.

Codan Forsikring - så er du godt dekket



Få inntil
20% rabatt
på dine
forsikringer.

Som medlem i Norsk Bridgeforbund får du inntil 20% rabatt på dine forsikringer!
Klikk her og fyll ut kontaktskjemaet, så ringer vi deg for et uforpliktende tilbud.
Eller ring **815 56 173**. Husk å oppgi at du er medlem av Norsk Bridgeforbund.